



Fire på ein dag



Søndag 12. september 2010

Turen går innom fire mål: **Friarane, Brennesteg, Vardafjellet og Aksla.**

Du kan starta i **Blikrabygda** eller **Gjerdedalen**. Frå gamalt av var der ein ferdselsveg mellom desse to bygdelaga. Den blir merka frå begge sider.

På høgdedraget midtvegs ligg det nokre stor steinblokker som heiter **Friarane**.

Det blir fortalt at ein unggut frå Landa gjekk på friarføter til ei jente frå Gjerdedalen. Folk såg denne karen gå oppover lia rett som det var. Han hadde alltid kvit hua på seg. Folk meinte at dei traff kvarandre på halvvegen, altså ved desse steinane. Derfor fekk dei namnet Friarane. Desse to vart gifte og busette seg i Gjerdedalen.

Friarane er og skiftestein mellom tre gardar, Eikje, Bakkevoll og Vestvoll.

Her vil det verta utdeling av forfriskningar og litt å bita i for dei som blir med på marsjen.

Frå Friarane går stien over høgdedraget mot **Brennesteg**.

Frå Brennesteg kan du, om du er sliten, gå ned til Blikra og avslutta turen. Men har du mot på meir er det berre å leggja i veg mot **Stemvatnet**, og så opp til **Vardafjellet**. Vidare går ferda mot toppen på **Aksla** som er høgaste punktet på marsjen. Frå Aksla må du gå eit lite stykke tilbake same vegen, og så ned skaret og nord til hytta på **Sletthaug**. (Haslemo si hytte)

Dette blir dagens høgdepunkt, for her blir det sal av rømmegraut og kaffi.. Ta med tallerken, skei og kopp.

Frå Sletthaug er det traktorveg ned til Aurdal.

Heile turen tek om lag 5 – 6 timar. Men du kan bryta av og gå deler av turen, eller du kan gå opp i Aurdal for å nyta rømmegrauten med godt samvit.

Målet med marsjen er ikkje å setja fartsrekord, men at så mange som mogeleg blir med og opplever naturen, får seg ein god drøs med kjende og ukjende, og litt trim. Der er ingen startkontingent. På store deler av turen er det flott utsikt over bygda. Turen er for alle.

Marsjen blir og annonsert som ein del av Friluftsrådet si Friluftslivsveke, og det er 4H og speidarane som arrangerer turen.

Elles vil me oppmoda alle om å skriva seg i bøkene som ligg på nutane.

Starten blir ”etter fjostid” eller frå kl. 9.30 og utover.

Dei som vil ha vegvisar og følgje på turen kan møta hos Helge Rødde eller Arve Mjølhuss kl 9.30. Matsalet på Sletthaug startar 13.00

Me vil ordna skyss frå Aurdal tilbake til Blikrabygda og Gjerdedalen for dei som har parkert bilen der.

Vel møtt og god tur